



Orrhanar i kamp ved Storhaug. (Foto: Odd Steinar Arnesen)

Barnas Turlag hadde i helga ein overnattingstur til området ved Storhaug i Uskedalen, for å sjå på orreleiken. Vi var 6 ungar og 5 vaksne, som etter eit par timar i regn og vind, kom opp på kanten, der vi fekk sjå to orrhanar og ei orrhøne som fauk over oss. Dette tok vi som eit teikn på at "Her er det fugl".

Ungane var ved godt mot og aktiviteten var stor utover dagen. Vi satte opp to lavvoar, slik at vi hadde god plass til å observera fuglane vi håpa skulle komma. Vi samla ved til bålet vi skulle ha seinare, og vi måtte ut i området for å finna steinar til å leggja på lavvudukane, slik at ikkje vinden tok dei med seg ned til Ljosnes. I kveldinga grilla vi pøiser og anna god turmat, og både ungar og vaksne var i lavvoane i 8-tida på kvelden.

Då ungene hadde fått roa seg litt ned høyrde vi plutselig dei fyrste lydane av orrane. Vi vart liggande i åndelaus spenning ei lita stund, før vi lista oss bort i åpninga der vi fekk sjå orrhanane i full gong med leiken. Sjølv om regnet ausa ned, og vinden ruska godt i lavvuane, fekk vi følgja orreleiken i om lag ein time før vi dessverre skremde fuglane vekk. Metta på spenning og opplevingar sovna ungene (og dei vaksne) så for kvelden.



- Se, der kjem orrene! (Foto: Odd Steinar Arnesen)

Vi håpa vi skulle få oppleve leiken ein gong til på morgonkvisten, og kontaktane må vera gode, for i halv-5 tida på morgonen høyrde vi igjen orrfuglane. Men då vi kikka ut låg skodda som ein graut rundt lavvoane og vi såg ikkje noko til dei.

Skodda kom og gjekk ei lita stund, men sjølv om vi fekk nokre korte glimt av leiken, så fann vi ut at vi skulle prøva å vente ei stund. Då vi vakna att, etter ein liten "dupp", var leiken fortsatt i full gong, og no var skodda borte. Ungane vart purra ut av soveposane og vi fekk følgja leiken i klart og fint vèr i om lag halvannan time. Ungar og vaksne gjekk til og frå og fekk oppleve orreleiken for fullt.

Barnas Turlag rettar ei stor takk til Ståle Eik for all hjelp i samband med turen. Både ungar og vaksne hadde ein flott tur, og vi fekk alle ei fantastisk oppleving!

Av Odd Steinar Arnesen



Dei yngste deltakarane. (Foto: Odd Steinar Arnesen)